

Møte i interkommunal arbeidsgruppe for Volda og Ørsta 28.11.25

Volda: ordfører Sølvi Dimmen, varaordfører Sverre Leivdal, Sindre Rotevatn og kommunedirektør Rune Sjurgard

Ørsta: ordfører Per Are Sørheim, varaordfører Tove Halse Digernes, Odd Magne Vinjevoll og kst kommunedirektør Kari Flø.

Forventingar til samarbeid

Desse to kommunane har eit stort potensiale.

Leite etter strategiar som styrkar desse to samfunna og sjå området under eitt.

Felles samfunnsplan og felles arealplan.

Finne fram til felles strategi på lokaliseringar mv.

Open for å tenkje større.

Open for kva som er mogleg å få til – finne ut i fellesskap.

Viktig at dei som skal ta avgjerder opparbeider eit felles informasjonsnivå og felles erkjenning.

Gruppa avklare spelereglar og kva ein skal dele offentleg framover i dei ulike fasene i prosessen.

Viktig å samarbeide om vere tilretteleggjarar for dei som vil etablere seg i Volda og Ørsta.

Ynskjer å leggje forholda til rette for sjønære tomter og felles hamneterminal.

Samarbeid om turisme «eig» Sunnmørsalpane i lag.

Vise til nokre målsettingar og resultat.

Forventingar til å finne løysingar på samarbeid.

Vere obs på at media kan vere med å rive ned samarbeid og ev samanslåing.

Avklare kven som skal uttale seg frå arbeidet i denne gruppa – vere transparente med dei som har gitt oppdraget og til innbyggjarane.

Oppveksande slekt og folk utanfrå ser ikkje kommunegrensene.

Definere visjonar og overordna målsettingar.

Kan gi rare utslag om ein ikkje er fornuftig og ser litt større på ting. Sett utanfrå er det rart at det er to kommunar med to administrasjonar.

Vanskelegare å rekruttere og vi treng robuste fagmiljø.

Ikkje slåss om småting, men verte god i lag.

Oppteken å produsere i lag og samordne kommuneplanprosessane.

Effektiviseringstiltaka på søre Sunnmøre bør gå parallelt.

Samarbeide for å hente ut gevinstar.

Spørsmålet om samanslåing kome som ein konsekvens av det ein finn ut gjennom ei utgreiing.

Formål

Gruppa gjekk gjennom formålet og mandatet for arbeidet:

«Identifisere løysingar som gir gevinstar for tenestene og styrkar samfunnsutviklinga for dei to kommunane i lag, og kome med framlegg om konkrete samarbeidstiltak.

Leggje eit grunnlag for å kunne samordne prosessen med planstrategi og kommuneplan med sikte på felles visjon og overordna målsettingar for kommunane for kommunestyreperioden 2028 - 2032.

Utarbeide kravspesifikasjon og tinge utgreiing for å få eit kunnskapsgrunnlag for å vurdere samanslåing av kommunane Volda og Ørsta.

Skaffe statleg finansiering for å dekkje kostnadene med utgreiinga. Arbeidsgruppa skisserer sjølv nærare prosess og framdriftsplan og legg denne fram for kommunestyra til første møte i 2026.

Framdriftsplanen skal også innehalde milepelar for ev delrapport, sluttrapport og rapporteringspunkt for kommunestyra.»

Kommunikasjonsprinsipp

- Snakke vel om kvarandre
- Samordna kommunikasjon utad og verte samde om kven som uttaler seg på vegne av samarbeidet.
- Kople på kommunikasjonsrådgjevar frå ei av kommunane og leggje ein kommunikasjonsplan for prosessen.

Korleis arbeide, kven skal leie møta?

- Kople inn Lars Erling Bjåstad Hovlid som er statleg finansiert prosjektleiar for kommunesamarbeid på søre Sunnmøre (inkl Volda og Ørsta)
- Starte tidleg arbeidet med å definere bestillinga for utgreiing for å få eit kunnskapsgrunnlag for ev samanslåing. Rune kontaktar statsforvaltar for å avklare finansiering av utgreiinga.
- Definere ei framtidsbilde gjennom workshop – korleis vi vil det skal sjå ut om 30 år – og korleis jobbe for å kome dit.
- Møta gå på omgang mellom Volda og Ørsta. Møtefrekvens ca ein gong i månaden.

Kva tema skal gruppa arbeide med?

- Skape eit felles ambisjonsnivå

Felles omsetning – ca 2,7 mrd

Gå gjennom dei ulike tenesteområda – korleis det ser ut i Volda og korleis det ser ut i Ørsta. Definere ut nokre delområde og vurdere potensial for gevinstar.

Gjennom ein prosess drøfte seg fram til eit felles ambisjonsnivå på det økonomiske, kvantitative og kvalitative.

Tenkje på det som dynamisk.

Snakke om dei tinga som splittar oss – td konkurransar om kvar sine konferansar mv.
Snakke om framtidsbildet – og byggje seg nokre scenario og drøfte konkrete tiltak.

Neste møte

Neste møte vert fastsett til 20. januar kl 1600 i Volda rådhus. Rune kallar inn.

Tema på møtet:

Brainstorming om visjon og framtidsbilde

Møteplan